

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Ålesund -
Dato: 30.01.2023
Tidspunkt: 10:00 - 15:45

Til stades:

Namn	Varamedlem for
Paula Næss Skår	Leiar
Ann Helene Skare	Nestleiar
Atle Tangen	Medlem
Janne Remøy Endresen	Medlem
Anne Grete Mogstad	Medlem
Janne Remøy Endresen	Medlem
Lasse Alexander Honningsvåg	Medlem
Per Øvermo	Medlem
Ingrid Løset	Medlem
Øistein Edvardsen	Varamedlem

Ikkje møtt:

Namn	
Marie Ødegård Gjengstø	Permisjon

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Fiskerstrand	

Merknad i møte:

Pasient- og brukarombud Hanne Hovde Stenseth deltok via teams
Julie Ramstad frå Ungdomsrådet deltok via teams

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
2/23	Orientering frå administrerende direktør
3/23	Status AIO (Akutt, intensiv og operasjon) Ålesund sjukehus
4/23	Åse kollektivknutepunkt - Statens vegvesen
5/23	Styresak - Mork Rehabilitering
6/23	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
7/23	Oppnemning til råd og utval
8/23	Styresak - statusrapport november og desember 2022
9/23	Årsmelding 2022 - Brukarutvalet HMR
10/23	Status Helseplattformen
11/23	Referatsaker
12/23	Eventuelt

1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 1/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Rekkefølga på dei tre første sakene blei endra og kom som følgjer:

- 04-23
- 03-23
- 01-23

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

2/23 Orientering frå administrerende direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 2/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Administrerende direktør orienterte blant anna om desse sakene:

- Økonomien blir krevjande framover - korleis takle utfordringane?
- Strukturelle grep må til for å stå rusta for framtida.
- Kva kan vi prioritere ned?
- Korleis gje tilfredsstillande spesialisthelseteneste til pasientar med dei tilsette vi har
- Fødesituasjonen
- Følgjetjeneste
- Ambulante team i Myrvågen
- Videokonsultasjonar
- Mork Rehabilitering

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tar orienteringa til vitende.

3/23 Status AIO (Akutt, intensiv og operasjon) Ålesund sjukehus

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 3/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Status AIO totalprosjekt blei presentert av prosjektleiar Anne Flo. Prosjektet er endå ikkje tilgodesett med lånefinansiering i statsbudsjettet, men signala som blei gitt til Helse-Midt Norge er at planlegginga av prosjektet skal fortsette til tross for utsatt lånefinansiering.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tar status AIO til vitende.

Brukarutvalet HMR ser fortsatt med uro på at det ikkje er funnet areal for å få på plass stellerom for vaksne i denne fasen av byggeprosjektet. Dersom ikkje dette blir tatt med i prosjektet vert ei stor gruppe pasientar ikkje tatt omsyn til.

4/23 Åse kollektivknutepunkt - Statens vegvesen

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 4/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Statens vegvesen ved Kåre Rolandsen deltok i møtet med presentasjon av planlagt Åse busstopp (kollektivknutepunkt).

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tar orienteringa til vitende og vil kome med følgjande merknader:

- Snøsmelteanlegget må vere ei forutsetning ved realiseringa av prosjektet.
- Benkar og kvileplassar må oppfylle regelverket, hensyntatt at dette er eit kollektivknutepunkt med stor trafikk av pasientar som skal til og frå sjukehuset.
- Ledelinje og stopplinje må vere på plass.
- "Lureknapp" ved lyspunkt, for å forlengje tid for grønt lys ved overgang er nødvendig - og at denne blir merka.
- Det må utarbeidast ein plan for sikring av at pasientar kjem til og frå sjukehuset i tilfelle heisen i parkeringshuset står fast. Vidare at HC-plasser plasserast slik at dette blir tatt omsyn til.

Sekretær i Brukarutvalet HMR sender vedtak med innspel til Statens vegvesen v/Kåre Rolandsen.

5/23 Styresak - Mork Rehabilitering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 5/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Klinikksjef for kreft og rehabilitering Jorun Bøyum var tilstade i møtet og gav ei kort orientering om saka og var óg tilgjengeleg for å svare på spørsmål som brukarane hadde i denne saka.

Vedtak

Brukarutvalet for Møre og Romsdal diskuterte vedtak i styresak - Mork Rehabilitering (sak 06-23).

Brukarrepresentant Anne Grete Mogstad la frem følgjande forslag til vedtak på vegne av Fylkeslaget Norsk Revmatikerforbund:

1. at samlokalisering av spesialisert rehabilitering med Mork senter blir utsett.
2. at det blir gjennomført rosanalyse for pasientane, der erfaringar og kompetanse frå brukarane kjem med. Dele rom og dele bad for pasientar som får opphald over lengre tid bør særskilt vurderast.
3. at det gjennomførast kartlegging etter strategien universell utforming ved avdelinga fysikalsk medisin og rehabilitering ved Ålesund sjukehus og at det utarbeidast rapport

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal stemde over forslaget og forslaget frå Anne Grete Mogstad falt mot ei stemme.

Brukarutvalet HMR foreslo følgjande vedtak i saka:

For brukarutvalet Helse Møre og Romsdal er det særst viktig å ha søkelyset på det brukarorganisasjonane gjer utrykk for. Brukarutvalet HMR vil trekkje fram følgjande punkt som det er viktig å ta omsyn til om styret fattar vedtak i samsvar med tilrådinga:

1. Vi har merka oss ei unison og stor uro for at den spesielle kompetansen som tilsette ved Mork rehabiliteringssenter over mange år har utvikla, vil smuldre opp når tilbodet blir flytta til Ålesund Sjukehus.
2. Det planleggast med 8 doble rom ved fysikalsk medisin- og rehabilitering i Ålesund. 7 av dobbeltromma har vask på rommet og dusj i gangen. Brukarutvalet HMR deler den misnøya som brukarrepresentanten som deltok i ROS-analyse hadde med bruk av dobbeltrom.
3. Ut frå sakspapira, ser det ut til at tilbodet om spesialisert rehabilitering ved sjukehuset i Ålesund vil bli gitt i fleire etasjar. Brukarutvalet vil peike på kor viktig det er at lokalitetane er universelt utforma.
4. Ved Mork er det godt tilrettelagt uteområde. Brukarutvalet HMR forventar at det vil bli lagt opp til moglegheit for at pasientane får tilbod om gode og tilrettelagte uteområde for rehabilitering ved Ålesund sjukehus.
5. Det er særst viktig at Ålesund Sjukehus fortsatt kan gi et individuelt tilpassa tilbod til behandling av pasientar med komplekse og samansette funksjonsvanskar - og ei tverrfaglig samhandling med pasientar og pårørande.
6. Det bør leggast godt til rette for personar og yrkesgrupper ved Mork Rehabiliteringssenter som ønskjer å være med vidare til Ålesund Sjukehus.
7. Viktigheten av proaktiv og god rekruttering til ledige stillingar ved en eventuell ny rehabiliteringsavdeling ved Ålesund Sjukehus må sterkt vektleggast.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal stemde over forslag til vedtak og dei sju punkta blei vedtatt mot ei stemme.

6/23 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 6/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

	Navn	Deltatt
1	Skår, Paula Næss	<ul style="list-style-type: none">• 29.11.22 - Informasjonsmøte om samsnacking – teams• 30.11.22 - Regionalt nettverksmøte for BU-ene i HMN• 05.12.22 - Faglig samarbeidsutvalg – kunnskap, forskning• 13.12.22 - Informasjonsmøte HMR om Mork – teams• 14.12.22 - Styremøte HMR – teams• 15.12.22 - Møte i lokalt samhandlingsorgan (LSO) - teams• 19.12.22 - Evaluering av ungdomsrådene i HMN – teams• 09.01.23 - AU til BU heldagsmøte• 11.01.23 - Arbeidsutvalget til KPU – teams• 17.01.23 - Møte i KPU – teams• 18.01.23 - Strategisk samarbeidsutvalg (SSU) - teams
2	Skare, Ann Helene	<ul style="list-style-type: none">• 23.11.22 - Styremøte HMR• 24.11.22 - Styreseminar HMR• 25.11.22 - Møte brukerutvalg SNR• 30.11.22 - Reg. samling ledere, nestleder og sekretær i BU• 08.12.22 - Møte kvalitetsråd kreft og rehabilitering. Teams• 08.12.22 - Møte i klinisk etikk-komite.• 09.12.22 - Møte ang barneblikk• 14.12.22 - Styremøte HMR. Teams• 14.12.22 - Møte arbeidsgruppa kunst SNR. Teams• 16.12.22 - Møte klinikk kreft og rehabilitering.• 09.01.23 - AU brukerutvalget HMR• 17.01.23 - Internt møte leder/nestleder ang årsrapport 2022• 19.01.23 - Møte arb gruppe folkehelse og forebyggende arbeid.• 26.01.23 - Møte arbeidsgruppa kunst SNR. Teams
3	Endresen, Janne Remøy	<ul style="list-style-type: none">• 21.11.22 - BU HMR - Fysisk• 02.12.22 - LSU Volda - Fysisk• 06.12.22 - Faglig samarbeidsråd Barn og Unge - Fysisk• 08.12.22 – KEK - Fysisk• 09.01.23 - Kollektivknutepunkt Ålesund sykehus - Teams• 13.01.23 - LSU Volda - Teams• 25.01.23 - Kollektivknutepunkt Ålesund sykehus - Teams
4	Per Øvermo	<ul style="list-style-type: none">• 21.11.22 – Brukerutvalget HMR• 23.11.22 - Faglig samarbeidsutvalg helseberedskap• 09.12.22 - Klinik for drift og eiendom• 09.01.23 - AIO - gruppelederforum• 12.01.23 - Klinik for prehospitale tjenester• 25.01.23 - AIO/HMR - Åse kollektivknutepunkt

7	Lasse Honningsvåg	<ul style="list-style-type: none"> • 02.12.22 - BUHT - prosjektgruppemøte • 08.12.22 - BUHT - prosjektgruppemøte • 09.12.22 - Barneblikk - styringsgruppemøte • 16.12.22 - BUHT - planleggingsmøte, brukersamling • 20.12.22 - Presentasjon av samvalg ved avdelingsråd Medisin • 13.01.23 - BUHT - prosjektgruppemøte • 23.01.23 - LSU Ålesund - ekstramøte • 24.01.23 - BUHT - møte med helseminister Ingvild Kjerkol • 26.01.23 - BUHT - nettverksmøte Ålesund og omegn • 26.01.23 - Barneblikk - styringsgruppemøte
8	Anne Grete Mogstad	<ul style="list-style-type: none"> • 11.01.23 - LSU, Kristiansund. Møteleder Ingeborg J. Dyrnes
9	Ingrid Løset	<ul style="list-style-type: none"> • 25.11 22 - BU SNR på Hjelset. Møte på Hjelset • 28.11 22 - Fagligsamarbeidsutvalg Arbeidsgruppe. Teams • 02.12 22 - Faglig samarbeidsutvalg.Teams • 06.12 22 - Brukerutvalg. Sykehusapotekene i Helse Midt. Møte i Trondheim. • 12.12 22 - Evalueringsm. Kvalitetsråd for psykisk helse og rus. Fysisk - Vestnes • 13.12 22 - Orienteringsmøte om Mork. Brukerorganisasjoner også) Teams • 17.01.23 - Møte i KPU (Kvalitets og pasientsikkerhetsutvalget) Teams • 26.01.23 - Møte samarbeidsråd Psykisk helse og rus. Teams

Vedtak

Ingen vedtak

7/23 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 7/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Forespørsel frå Læring og Mestring ved Astrid Ljøkjell Solem.

- **«Forespørsel om brukerrepresentant til arbeidet med nasjonal lunsjwebinar innan læring og meistring»**

Vedtak

Forespørselen vert behandla i brukarutvalsmøte den 20. mars.

8/23 Styresak - statusrapport november og desember 2022

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 8/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Økonomidirektør Trine Sperre var til stades for å kunne svare på spørsmål under gjennomgang av statusrapport for november og desember 2022.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tar statusrapport for november og desember 2022 til vitende.

9/23 Årsmelding 2022 - Brukarutvalet HMR

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 9/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Behandling av Årsmelding 2022 vert utsatt til møte i brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal 20. mars 2022.

Vedtak

Sak utsatt.

10/23 Status Helseplattformen

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 10/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Direktør for E-helse og teknologi Helge Storøy og prosjektleder Henrik Erdal deltok under saka med ein statusrapport om Helseplattformen.

Ny dato for innføring av Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal 27. april 2024

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tar orienteringa om Helseplattformen til vitende.

11/23 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 11/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

Følgende referat har blitt lagt frem for Brukarutvalet HMR til dette møtet:

1. Retningslinjer ungdomsråd ved helseføretak i HMN (1)
2. Resultat frå spørsmål til rådsmedlemmer (2)
3. Resultat frå spørsmål til klinikk- og avd. leiarar (3)
4. Ungdomsråd i Norge september 2022 (4)
5. Saksframlegg, evaluering av ungdomsråd
6. Signert Protokoll frå styremøte HMR 23.11.22
7. Signert Protokoll frå styremøte HMR 14.12.22
8. Protokoll RBU 21.11.22
9. Protokoll RBU 12.12.22
10. Protokoll RBU 04.01.23
11. Lenke til styresaker – styremøte HMR 01.02.23
12. Invitasjon frå pasient- og pårørande opplæring – møte Ålesund 07.02.23 (sendt i egen epost)
13. Brukerwebinar i barn- og unges helsetjeneste – dato 01.02.23 (sendt i egen epost)

Vedtak

Ingen vedtak

Merknad til Protokoll RBU 12.12.22. Sak 115/22 - Orienteringar. Brukarutvalet HMR støttar pkt. 2 i vedtaket
- Krav om kravspesifikasjoner i forbindelse med Pasientreiser regionalt.

Merknad til Protokoll RBU 04.01.23 Sak 2/23 - Helseplattformen. BU slutter seg til same uro som RBU viser til i vedtaket.

12/23 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 12/2023 i møte den 30.01.2023

Behandling

1. Sak - Historier om Uheldige pasientreiser utsettast til brukarutvalets møte i mars.

2. Følgjande personer deltar i styremøter fram til sommaren

- Onsdag 01. februar - Per Øvermo
- Onsdag 22. mars - Ann Helene Skare
- Onsdag 24. mai - Kai Knutsen
- Torsdag 22. juni - Atle Tangen

2. Under møtet i brukarutvalet HMR i mars ønskjer brukarrepresentant Ingrid Løset å orienterer frå møte i Kvalitetsråd for psykisk helse og rus.

Vedtak

Ingen vedtak.